




Å R D A L
K O M M U N E

Sakshandsamar:
A. Lavik

Vår dato:
28.01.1986

Vår referanse:
504



ÅRDAL KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR TEMMERSLETTI

TEIKNING NR 8513

Dato for siste revisjon av planen: 16.03.1986.

Dato for vedtak i kommunestyret: 24.04.1986.

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense.

Området er regulert til disse formåla:

BYGGEOMRÅDE

TRAFIKKOMRÅDE

FRIOMRÅDE

FAREOMRÅDE

SPESIALOMRÅDE



Sakshandsamar:
A. Lavik

Vår dato:
28.01.1986

Vår referanse:
504



Føresegner knytta til § 25 i bygningslova:

1. BYGGEOMRÅDE

1.1 Bustader: - I området skal det oppførast bustader med tilhøyrande anlegg.

1.2 Industri: - I området skal det oppførast bygg for lett industri og/eller handverksverksemder med tilhøyrande anlegg.

3. TRAFIKKOMRÅDE

- I området skal det leggest:
- køyreveg
- gangveg
- snuplass for kollektivtrafikk med buss-stopp

4. FRIOMRÅDE

- Områda merka "LEIK" skal nyttast til leik og sport.

5. FAREOMRÅDE

- Området langs søraustgrensa for reg.feltet skal tena som buffersone for event steinsprang frå fjellsida. Skogen på dette området må ikkje fellast.
- Den delen av felt H som ligg innanfor rasfaregrensa må ikkje byggast på.

6. SPESIALOMRÅDE

5.1 Elveforbygging: - I området skal det leggest elveforbygging mot Utlå. Forbygginga fortset sørvestover til slutt eksist. forbygging, men er her kombinert med køyreveg/gangveg og regulert til desse formåla.

Føresegner knytta til § 26 i bygningslova:

§ 26 nr 1 a) - Stigningstilhøva på vegane er delvis vist på plankartet. For felt A - G, som skal oppfyllast, må stigningstilhøva ikkje vera mindre enn 6 o/oo.
- Nye avkøyrslar til fylkesveg 301 og eksist. som skal oppretthaldast er særskilt avmerka på planen.
- I området mellom frisiktlinja og vegformål (frisiktsoner) skal det ved kryss, avkøyrslar vera fri sikt i ei høgd på 0,5 m over tilstøytande vegar sitt planum.



Vår dato:
28.01.1986

Vår referanse:
504



Sakshandsamar:
A. Lavik

- § 26 nr 1 b) - Bustadfelta (A - J) skal utbyggast med frittliggande bygg.
- § 26 nr 1 c) - Bygg i felt A - I skal byggast utan kjellar.
- Bygg i felt L skal byggast utan kjellar, og total høgde må ikkje overstiga 8 meter.
- Innafor industriområdet L kan arealet oppdelast etter etablerarane sine behov, etter grenser som i kvart tilfelle skal godkjennast av bygningsrådet. Parsellane skal ha ei mest mogeleg regelmessig form.
- Bygga si plassering på tomte vert fastsett av bygningsrådet.
- Garasjar skal fortrinnsvis oppførast som tilbygg til bustadhuset og tilpassast dette m. o. t. materialval, form og farge. Plassering av garasje skal vera vist på situasjonsplan som følgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om den ikkje skal oppførast samstundes med dette.
- § 26 nr 1 d) - Tomtene i felt A - K kan påbyggast med inntil 20 % av tomte sitt nettoareal.
- Samla golvareal i industribygg skal ikkje overstiga 50 % av tomte sitt nettoareal.
- § 26 nr 1 i) - Spesielt om PARKERINGSPLASSAR:
- I bustadområda A - K skal det på eigen grunn lagast 2 biloppstillingsplassar pr tomt.
- Mot kommunal veg er det ikkje påbode med gjerde. Event. gjerde må ikkje vera høgare enn 0,6 meter over vegbana.
- § 26 nr 1 j) - I industriområdet L er det ikkje tillate å etablere verksemdar som etter bygningsrådet sitt skjønn ved støy og andre forureiningar ved produksjon og trafikk vil vera til vesentleg ulempe for ibuarane i omliggande bustadområde.

FELLES FØRESEGNAR:

- Bygningsrådet kan, når særlege grunnar talar for det, tillata mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene. Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegnar er stadfesta, kan det ikkje inngåast privatrettslege avtalar som strir mot planen og føresegnene.